

# 32 tips som kan betre tilgjenge til butikken din!





Stord kommune er pilot-kommune for universell utforming. Med universell utforming meinast at bygg, uteområde og produkt skal utformast på ein måte som gjer at alle kan nytte det med ein gong.

Funksjonshemming er gapet mellom korleis samfunnet er utforma og våre eigne føresetnader.

Unviersell utforming er ein glimrande forretningside – i ulike livssituasjonar og livsfasar vil me framleis delta i det pulserande livet på Stord.

# Sjekkliste med 32 tips som kan betre tilgjenge og omsetnaden

## Finn kundane deg?

Ja Nei

1. Annonsering og informasjon har tydeleg og lettlesen skrift?
2. Websida er logisk oppbygd, tydeleg og oversiktleg?
3. Skilting på fasade er lyssett og lett lesbar frå andre sida av gata?
4. Skilting ved dør er om lag 120 cm over bakken og lett lesbar?
5. Opningstider er tydeleg merka på inngangsdør, gjerne og i blindeskrift?
6. Inngangsparti er tydeleg merka gjennom utforming, farge og lyssetting?






## Kjem kundane inn til deg?

Ja Nei

- 7.** Glasdører er tydeleg merka om lag 160cm over bakken slik at synshemma ser at det er glasdør?
- 8.** Det er ikkje lause skilt, markiser som heng lågt eller anna ein kan snuble eller skade seg på ved inngangpartiet?
- 9.** Dørhandtak har gode grep og plassert i om lag 90 cm høgde?
- 10.** Knappar, automatisk døropnar og ringeklokke er lett synbare og plassert om lag 90 cm over bakken og om lag 70 cm frå hjørnet, slik at ein person i rullestol kjem fram?
- 12.** Det er fritt framkommeleg for rullestol, rullator, barnevogn både utanfor og innanfor inngangsparti?
- 13.** Der det er dørtersklar er dei fasa?



- 14.** Trappetrinn er erstatta eller komplettert med rampe med maks stigning 1:15, helst 1:20, eller med heis? **Ja** **Nei**
- 
- 15.** Lause ramper blir lagt ut ved behov (t.d. ved ombygging, ikkje permanent)?
- 
- 16.** Trapper har rekkverk med godt grep og som er om lag 90 cm over trappa?
- 
- 17.** Første og siste steget er kontrastmerka?
- 



## Kan kundane handla hos deg?

Ja Nei

- 18.** Resepsjon eller kasse er plassert lett synleg og gjerne innanfor inngangspartiet?
- 19.** Resepsjon eller kasse har ein del med lågare nivå, om lag 80 cm, eller høg og senkbar del?
- 20.** Kommunikasjonsvegane er romslege og utan hinder?
- 21.** Trapper og nivåskilnader inne i butikken har i tillegg rampe eller heis?
- 22.** Hyller eller anna vareutstilling er plassert og utforma på ein slik måte at personar i rullestol kan kome fram og sjølv finne det dei treng?
- 23.** Minst eit prøverom er utforma for person i rullestol med hjelpar?
- 24.** Varer har tydeleg informasjon og prislapp?
- 25.** Kølappar har tydelege siffer, kønummer presentert på stor display eller høgtalande?

**Ja** **Nei**

**26.** Lyssettinga er bra og utan blanding?


**27.** Luftkvaliteten er bra, utan sterke dufter og det er gode reingjeringsrutinar?

**28.** Det er godt lydmiljø utan forstyrrende element eller bakgrunnsstøy?

**29.** Kundetoalettet er for alle?

## Service – korleis møter du kunden?

Ja Nei

**30.** Personalet er oppmerksame og har god framferd og servicekjensle?

**31.** Kunden blir møtt med spørsmål om kva ein kan stå til teneste med?

**32.** Personalet vender seg til og snakkar til kunden og ikkje til ledsager?

**STORD  
KOMMUNE**

**I kristornbyen Stord er me saman  
om utvikling og velferd – for alle!**